



# Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 22.5.13

## REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR HEMSILREGULERINGA – UTTALE FRÅ VILLREINUTVALET FOR NORDFJELLA

Villreinutvalet er grunneigarane og jaktrettshavarane sitt fellesorgan for forvaltning av villreinstamma i Nordfjella. Villreinutvalet har i styremøte den 19.3.13 vedteke følgjande i samband med denne revisjonen:

*Villreinutvalet sender uttale til NVE. Det skal leggjast vekt på auka vassføring i elva nedanfor Flævassdammen, nedtaking av gjerde som sperrar for rein, og tilskot til gjetar for sau som alternativ til gjerde. Villreinutvalet vil i brev til NVE peika på kor viktig det er at ein ser på dei samla konsekvensane for villrein av vassdragsreguleringane i Nordfjella, ikkje berre isolert for den einskilde konsesjonsrevisjon.*

### Grunngeving og utdjuping av vedtaket:

#### Le-effekt av reguleringsmagasin

Områda sør og aust for Gyrinos- og Flævatnet har stort beitepotensiale for villrein, særleg når det gjeld vinterbeite, som er minimumsfaktoren for bestanden i Nordfjella, men og i sommar- og haustsesongen. Dette vert m.a. dokumentert i rapporten «Inngrep og forstyrrelser i Buskeruds villreinområder – Fylkesmannen i Buskerud, 1986. Bruken av området er og omtalt i NINA-rapport 634; «Villreinen i Nordfjella, status og leveområde», og i kartvedlegga til desse rapportane.

Sidan villreinstamma i Nordfjella har hovudleveområda sine nordover og vestover i høve til Gyrinos- / Flævassmagasinet, verkar dette magasinet som ei sperre for reinflokkane når desse ein gong i blant trekkjer sør- og austover. Særleg gjeld dette i den isfrie delen av året, men data frå GPS-merkte simler frå 2007 til i dag tyder på at dyra har redusert kryssing av store reguleringsmagasin om vinteren òg. På denne måten kjem flokkane sjeldan så langt som til dei gode vinterbeita lengst aust. Dette er særleg alvorleg dei åra ein har spesielle klimatiske tilhøve, som store snømengder lenger nord og vest, eller nedising av lavbeite i deler av villreinområdet. Slike tilhøve vil ein måtta rekna med oftare i åra framover, ut frå det som vert sagt av klimaforskarar.

I revisjonsdokumentet er det omtalt tre moglege tiltak for å redusera barriereeffekten av magasinet for villrein:

- Laga ein fysisk overgang (fylling) for rein over sundet mellom Gyrinosvatnet og Flævatnet, for på denne måten å reetablere ein tidlegare nytta viktig trekkveg - truleg hovudtrekket mot områda sør og aust for magasinet.

#### Kommentar:

I revisjonsdokumentet og utgreiinga som gjeld villrein vert dette tiltaket vurdert å ha negative konsekvensar for rein. Dette kan villreinutvalet ikkje vera samd i. På kort sikt, med omfattande anleggsarbeid, kan ein sjølvstekt risikera å skremma vekk rein. På lang sikt, 20-30 år, må ein kunna rekna med at reinen tek i bruk att ein slik trekkmoglegheit. Når trekkvegen

først er funnen, syner erfaring at bruken tek seg opp. I den samanhengen vil me visa til kva som har skjedd etter bygginga av Finsetunnellen på Bergensbana. 12-14 år etter at denne vart bygd tok reinen opp att dei gamle trekka over tunnelltaket, og dei siste åra har reinstrekket over tunnelen vore jamnt aukande.

Sundet det er snakk om er omlag 1 km breitt og 14 m djupt ved fullt magasin. Dersom anleggsarbeidet vert gjort når vatnet er nedtappa, vil dei store inngrepa, som massetak og lignende, kunna leggjast under HRV, og såleis verta lite skjemma. Inn- og utkøyning av maskiner og utstyr vil kunna gjerast på snøføre over to vintersesongar, for å unngå bygging av veg. Ein plan for eit liknande prosjekt med fylling over Kongshellersundet i Nyhellermagasinet i Aurland vart utarbeidd av entreprenørselskapet Furuholmen på 1980-talet og kan hentast fram att.

- Auka vassføringa i elva frå Flævatnet i beitesesongen (ca. 10. juni – 10. september) slik at denne kan verka som gjerde for sau. Då kan sperregjerdet for sau som går langs vassdraget i dag takast heilt vekk, og reinen får høve til å kryssa. Gjerdet verkar sjølvstøtt som ei sperre for reinen òg.

Kommentar:

Eit slik tiltak vil vera sterkt ynskjeleg, med tanke på å få reetablert villreintrekket nord-sør på austsida av Flævatnet. E-CO skriv i revisjonsdokumentet at ein må opp i ei vassføring på 2-3 m<sup>3</sup>/s for å oppnå ein slik gjerdeeffekt for sau. Det meiner villreinutvalet er sett urealistisk høgt; truleg kan ein oppnå ynskt effekt med ei langt mindre vassføring. Dette er noko som det bør forskast meir på, før endeleg minstevassføring vert fastsett.

- Leggja ned sperregjerdet for sau som går langs elva nedanfor Flævassdammen heile året, med unnatak av 3 månader i beitesesongen.

Kommentar:

Dette vil gje noko av den same effekten for rein som auka vassføring i Lauvdøla, med unnatak av den 3-månadersperioden i året som gjerdet skal vera oppe. Villreinutvalet vil lansera tanken om å påleggja regulanten eit årleg tilskot til ei gjetarordning, som eit alternativ til gjerdehald langs vassdraget. Ei effektiv gjetarordning vil kunna erstatta sperregjerdet som går langs Lauvdøla.

Regulanten peikar på at sperregjerdet for sau er eit tiltak som regulanten vart pålagt under skjønnet etter utbygginga, og såleis ikkje er noko som vert omfatta av ein konsesjonsrevisjon. Villreinutvalet meiner at eit så viktig tiltak for villrein må kunna handsamast som ein del av revisjonen, og at eit vedtak i denne samanhengen må vega tyngre enn kompensierende tiltak som vart fastsett under skjønnet.

Sjå reguleringsinngrepa i Nordfjella i samanheng

Ein konsekvens av oppdemminga av 4-5 store reguleringsmagasin i Nordfjella, dei fleste av dei med E-CO som regulant, er at villreinen sin tilgang til dei viktige vinterbeita i aust er redusert. Det er desse beita som er den avgrensande faktoren når det gjeld storleiken på villreinstamma. God tilgang til lavbeite om vinteren har alt å seia for kondisjonen til dyra, overleving av foster og kalvar, og såleis området si produksjonsevne for rein. Kommentaren til regulanten på side 22 i revisjonsdokumentet, om at dyretalet i periodar har vore større enn i dag, og at dette viser at oppdemminga av reguleringsmagasin ikkje har hatt konsekvensar for villreinstamma, er i beste fall eit teikn på manglande kunnskap om samanhengen mellom stammestorleik, tilgjengeleg vinterbeite, kondisjon og overleving til kalvar og vaksne dyr.

Villreinutvalet meiner at NVE må utarbeida ein samla strategi for å betra tilhøva for villrein innanfor reguleringsområdet til alle dei store vassdragsreguleringane i Nordfjella, uavhengig av kva tidsplan som ligg føre m.o.t. revisjon av konsesjonar.

**Villreinutvalet for Nordfjella**

v/Harald Skjerdal  
(sekretær)

Kopi: Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd v/sekr. Siri W. Bøthun